

# Banjo-stjerne til jazzkaféen

Han blir omtalt som den beste banjospelaren i Storbritannia. Du kan oppleve Dan Walsh «live» i Nordgardsløa på Frekhaug fredag 10. august.

ARTHUR KLEIVELAND  
redaksjonen@nordhordland.no

Meland Jazzkafé har gjort eit kupp som har fått tak i den bri-

tiske artisten som har skapt stor interesse både i heimlandet og utanfor landegrensene. Dan Walsh vart nominert til «Best Musician at 2017 BBC Folk Awards».

Walsh står for ei blanding av britisk, irsk og amerikansk folkemusikk - kombinert med eit stort innslag av funk, alt utført med hans unike og spennande «clawhammer style banjo».

Arrangøren forsikrar at publikum vil bli positivt overraska.

Roots-bandet til den Meland-baserte bluesmusikaren Gillian Gjelsvik varmar opp publikum med ei blanding av roots-blues og jazz, med innslag av folk og country. Gillian har med seg gitaristen EJ Edwards, saksofonist Tore Gjelsvik og kontrabassist Åsmund Aase Fluge.



**KJEM TIL FREKHAUG:** Den fremste britiske banjospelaren, Dan Walsh, kjem til jazzkafeen i Nordgardsløa fredag 10. august.

PRESSEFOTO

# man



ett selskap saman då dei etablerte butikken i  
ALLE FOTO: MORTEN SÆLE



**KULTURLANDSKAP:** Håkon Liland stilte ut sine måleri inspirert av det vestlandske kulturlandskapet.



**SANDSTØPT:** Keramikar Livio V. Lilli stilte ut sine arbeider i sandstøpt keramikk.

stilte ut laurdag har etablert seg i lokala med sitt arbeid.

- Eg har vore så heldig at eg har fått atelier her i lokala med takvindaude og alt, fortel han.

- Her har vi litt ambisjonar om å få det til å bli eit lite kunst- og kultursenter, der vi kan bidra til å knytte Nordhordland og Åsane meir saman begge vegar, seier Liland.

**Vil formidla landskapet**  
Kunstnaren har tidlegare budd

i Nordhordland, og hentar mange av motiva sin derfrå.

- Vi er oppteken av norsk kulturtradisjon alle saman, som du også hørde på musikken fra scena, seier han.

Det vestlandske kulturlandskapet er ofte utgangspunktet for inspirasjonen.

- Bøane og kulturlandskapet som er fint halde, med dei gamle vestlandstuna som ligg som smykke i landskapet, med fjella i bakgrunnen og nokre gonger

sjøen inn frå sida. Det typiske for fiskarbonden er jo nettopp kombinasjonen av sjøen, fjella og bøane, fortel Liland.

- Den tradisjonen der er eg oppteken av å formidla. Mykje av dette gror att etter kvart som småbruk vart lagt ned, eg vil visa kva vi har og bør ta vare på. Det er ein av grunnane til at eg måler, å formidla norsk kulturlandskap, fortel han.



**PANGOPNING:** Heine Totland og Gisle Børge Styve opnar Fonnesdagane fredag kveld.

PRESSEFOTO

## Radarpær opnar Fonnesdagane

Fonnesdagane får ein pangstart med Heine Totland og Gisle Børge Styve - forhåpentlegvis i storform - fredag.

ARTHUR KLEIVELAND  
redaksjonen@nordhordland.no

Det blir musikk, humor og kystkultur i tre dagar under Fonnesdagane komande helg. Det blir pangstart med konsert med duoen Heine Totland og Gisle Børge Styve fredag kveld.

Radarparet Totland og Styve har fått svært gode kritikkar for sitt musikalske show, spekka med humor. Det blir garantert ein pangstart på dagane, Fedje-bandet Never Mind varmar opp for den kjende duoen.

### Gamle dampen

På sjølv «Fonnesdagen» laurdag er det Tiriltunga barnekor som opnar dagen med glad sang i teltet. Også i år bidreg Shantykoret Vocalis med lyslige tonar.

På kaien kan du sjå og og læra meir om gamle handverkstradisjonar, som til dømes spleising og spikking.

Arrangøren synest også det

er stas så få mange flotte båtar til Fonnesvågen. Både gamle dampen Oster og ein av «Shetlandsbussane», «Hitra» er kjende fartøy på Fonnesdagen, Redningsskøyta og taubåten frå Mongstad, og fleire gamle kutterar er populære innslag i vågen.. Og for ikkje å snakka om Eliasbåten - som er svært pop mellom den yngre garde.

Staselege gamle mopedar og gamle motorar som putrar og går, vil også skapa stemning.

### Havglede-dagar

Også i år kan arrangørene by på ei nyskaping. Havglede inviterer til SUP-konkurranse i Fonnesvågen. Det er Havglede-dagar heile veka i Austrheim, med tilbod av ulike maritime aktivitetar.

I mellom slaga kan du smaka på godsakene i kafeteriaen og salsbodene, med rømmegrøt og grilla hjort som nokre av delikatessene.

Søndag er det klart for havsportaktivitetar i Årvikane, der grillane står varme.

Fonnesdagane vert avslutta med friluftsgudsteneste søndag ettermiddag.